Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Möre & Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Eid

Emne: Transport av höy.

Bygdelag:

Oppskr. av: Kristian Juel Johansen

Gard:

(adresse): Torvik i R.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Slått i utmark var det slutt med for omlag 50 år sidan. Naturleg nok hekk slåtten lengst atti hjå deim som hadde minste gardane.

Til transport av höy nytta dei den gongen: bering, sloe og meis. Det var vanleg at heile huslyden var med på höyinga. Kvinfolka bar höyet med rive eller i storfirkla (rågras) elles var det nytta taug eller fatleband (fachle-) (n): lang graum björkekvist. Taket tok ein både i tjukk- og graumenden. Höiet vart då kjend med rive. Når ein nytta taug, var det bra å få böra så hög som mogleg. Beraren fekk då hjelp, av ein som skudde bak, for å reisa seg.

Var det lagomt hald nytta ein sloe. Ein byrja då lessinga fyrst frampå, men nytta ikkje gyrding. På noko lengre transport nytta ein hest og slede utan jarnskoing

På sers vande stader med stor bratte vart nytta meis (f), bunden

103

2

av hampetaug med omlag 5 toms stavar. Desse meisane tok omlag 100 kg kurt høy.

Det var vanleg å kjøyra heim høyet på vinterføret. Naboer slo då lag og hjelptes med brøyting og lessing. Ein „la lå ut lasset" med bjørkeraier på langs, Lasset vart stødd med buskes framme og bak og på sidene, med gyrding langsetter (høyførg) og tvert over. Sovorne lass var omlag 300 kg.

Høytransport idag er med vanleg langvogn (2 hjuls) med grinder. På ein gard: Søberg" nyttar dei 4 hjula vogn og på tvo gardar: „Klungnes" og „Haugen" nyttar dei i bakkane hjulslede. På ein gard: „Utigård" nytta dei slede utan jarn til transport unda bakke.

Dei som ikkje har hest, leiger for høvet, eller nyttar handvogn, Er det berre kort veg, hender det at det vert bore inn i taug.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY 103

På gardane „Gjerdseth" nytta dei til hundraårskifte denne måten: Til underlag ei tong på 3-4 m. lengd. På denne var höiet lesst, slik at eit höveleg lass var omlag 200 kg. Ei tong på same storleik vart lagd på toppen og gjyrda slik at lasset vart avrunda i båe ender.

Heile lasset vart lagd på ein slede og köyrt fram på „Skaret". I bratten vart eine tonga „nytta som meigar; og bak på denne stod ein mann og styrde lasset med eine foten. På flata vart lasset velta på ein slede og köyrt heim.

Husmann Hans Björgen skulde ha heim höy frå „Saugs-skaret", men vanta meis. Han tradde ei breilagd skjörting og nytta tvo av dösene hennar; sauanhefta i overkantane og knytt for livlinninga. Höyet fekk han heim.

Fortald av utskift. form. h.v. Ivar Torvik

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
103




Hjulslede med grind nytta på garden „Klungnes" i Eid, M+R. 1946.
Sjølve sleden har ikkje vorte endra noko frå gamalt av, det nokon veit. Grindene vart tekne i bruk for omlag 60 år sidan, då dei tok til å nytta vogn. Til 2 hjuls langvogn vert nytta same type grind.



Vanleg høylong nytta i Eid. M og R. no. lengd ca. 2. m.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING